

Radøy kommune  
Plan, landbruk og teknisk  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

Bergen den 17. Oktober 2013

## **Gnr. 28, Bnr. 163 m.fl. Radøy Hyttegrend A/S**

### **Spørsmål til godkjenning av plassering hytter**

I samband med at Radøy Hyttegrend har søkt om reguleringsendring for å få inn fleire hytter i feltet, bad vi om innsyn i saksmappa. Vi er takksame for velvilje og hjelp vi fekk ved servisetorget.

Vi har lenge undra oss over at kommunen har godkjent plassering av hyttene, særleg tomt nr. 1, 2 og 3. Etter reguleringsplanen av 2001 er det ein føresetnad at alle hyttene skulle plasserast lågt i landskapen.

Desse hyttene er svært uheldig plassert sett frå vår synsstad.

Det vi finn i saksmappa av godkjenning av endra plassering, er HLP sak nr. 114/01 – møtedato 28.08.01.

Vi meiner det er feil at saka er handsama som "Mindre vesentleg endring".

Vedtaket er svært så difust og kan vel neppe vere arbeidsgrunnlaget for den endring frå opprinnelege plan som vi no ser er gjort.

Vi vil og påpeike at vi som nabo ikkje har fått melding om dette vedtaket, og heller ikkje endre plankart. Vi har såleis ikkje hatt høve til å klage.

Vi vil be om å få tilsendt dokumentasjon for den endring som no viser seg i praksis.

Med helsing

Karstein Vågenes  
Karstein B. Vågenes AS  
(Gnr. 28, bnr. 15)

Gjenpart sendt:  
Radøy Hyttegrend A/S,